

Flott kamp av J11-laget.

25.05.2017



God kamp av J11-laget som skal til Bø-cup neste helg.

Fotballen for dei yngre rullar også for sesongen. Dermed vil det verta mange kjekke og underhaldande ettermiddagar på Heio framover. I går var det J11 laget som spelte kamp der. Dei møtte Halsnøy, og trenararane Hege Lekva og Steffen Kristiansen er veldig fornøgde når dei fortel om kampen til jentene.

Sjølv dei mangla nokre spelarar, klarte dei likevel å spela ein god og underhaldande kamp. Alle spelarane gjorde ein imponerende innsats. Halsnøy vann 6-4, men det gode spelet var ein siger i seg sjølv for jentene som no gler seg veldig til Bø-cup neste helg. Det blir heilt sikkert veldig kjekt!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hege Lekva